







FØRDE KOMMUNE		MØTEBOK			
KONTROLLUTVALET I FØRDE KOMMUNE					
<b>Møtestad:</b>	Anga	<b>Møtedato:</b>	30.03.2011	<b>Frå kl. :</b>	08:00
				<b>Til kl. :</b>	09:30
<b>Faste medlemmer i Kontrollutvalet :</b>					
		<b>Møtte:</b>	<b>Forfall:</b>	<b>Merknader :</b>	
1. Terje Gjertsen, Kjørslemøbakkane 4a, 6800 F.( Leiar )		X			
2. Terje Engvik, Lindborg 6, 6800 Førde (Nestleiar)		X			
3. Sissel Viddal Laache, Solrusta 5, 6800 Førde		X			
4. Siw Landro, Skjærabøen 8a, 6800 Førde		X			
5. Per Arne Kloven, Storetungrova 17, 6800 Førde		X			
<b>Personlege varamedlemmer :</b>					
		<b>Møtte:</b>			
1. Monica Alisøy Kjelsnes, Stykkje 1b, 6800 Førde					
2. Norunn Ulvedal, Kvienseset, 6800 Førde					
3. Anders Bergset, Grovene 11, 6800 Førde					
4. Frode Steen, Gamle Vieveg 32, 6800 Førde					
5. Dag Chr Torvanger, Gamlestøylsv. 30, 6800 Førde.					
<b>Ordføreren har møte og talerett i utvalet:</b>					
Ordfører Nils Gjerland og rådmann Ole John Østenstad får tilsendt møteinnkalling til utvalet sine møter.					
<b>Andre som møtte:</b>					
SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø. KRYSS-revisjon v/Terje Førde i sak (13-15/11) og Kari Sygna i (sak 13/11) Ass rådmann Lise Mari Haugen i (sak 13-15/11) Økonomisjef Terje Guddal i (sak 13 og 15/11) Rådmann Ole Jon Østenstad i (sak 13 - 15/11)					
<b>Saker som vart handsama / drøfta i møtet :</b>					
<b>SAKLISTA I MØTET :</b>					
012/11	Skriv og Meldingar.				
013/11	Årsrekneskapen 2010 Førde kommune.				
014/11	Barnevernet i Førde - Fristbrot og manglande tilsyn og tilsynsplanar - Orientering ved rådmann.				
015/11	Orientering - Status forvaltningsrevisjonsprosjekt "Kontroll av sjølvkostberekningar på VAR-sektoren."				
016/11	Oppfølgingsliste 3-2011 Førde.				
017/11	Eventuelt.				
<b>Merknader :</b>					
Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste.					
<b>UNDERSKRIFTER :</b>					
6800 Førde 30.03.2011.					
 Terje Gjertsen (leiar)		 Terje Engvik (ne)			
 Sissel Viddal Laache		 Siw Landro		 Per Arne Kloven	
 Vidar Øvrebø, sekretær					

## 012/11 SKRIV OG MELDINGAR

**Sakshandsamar:** Vidar Øvrebø SEKOM- sekretariat  
**Dato:** 23.03.2011.

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	30.03.2011	012/11	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Bystyret	-	-	-	Nei

### Saksvedlegg

- SM 15-11 Innkalling til representantskapsmøte i Alarmsentralen Sogn og Fjordane den 10. mai.
- SM 16-11 Innkalling til årsmøte / representantskapsmøte i Sunnfjord miljøverk IKS i Førdehuset fredag 29.04.2011.
- SM 17-11 Innkalling til generalforsamling 2011 – Førde Tomteselskap datert 28.03.2011 (delt ut i møtet)
- SM 18-11 Fagkonferanse kontroll og tilsyn – gardermoen 7.-8. juni 2011 (delt ut i møtet).

### Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

Skriv og meldingar vert tekne til vitande.

### KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Skriv og meldingar vert tekne til vitande.

Saksutgreiing

## **SKRIV OG MELDINGAR**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

### **Innleiing – Kva saka gjeld**

Skriv og meldingar som vert lagt fram i møtet.

### **Saksopplysningar:**

I saka ligg alle skriv og meldingar som har kome til sidan førre kontrollutvalsmøte.

Kontrollutvalet må vurdere om det er skriv/meldingar som bør løftast opp som eiga sak. Dersom det ikkje er skriv/meldingar som skal løftast opp som eiga sak, bør ”skriv og meldingar” takast til vitande eller det kan gjevast ein kommentar til det enkelte skrivet.

### **Sekretariatet sine vurderingar:**

## 013/10 ÅRSREKNESKAPEN 2010 - FØRDE KOMMUNE

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat

Dato: 24.03.2011.

Utval	Dato	Utv.- Saknr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	30.03.2011	013/11	-	Nei
Formannskap	-	-	-	Nei
Bystyret	-	-	-	Ja

### Saksvedlegg.

- Forslag til fråsegn frå kontrollutvalet i Førde kommune.
- Årsmelding datert 09.03.2011.
- Rekneskap 2010.
- Revisjonsmelding frå KRYSS-revisjon datert 21.03.2011.

### Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kommunelova.
- Kommunale budsjett- og rekneskapsforskrifter.
- Forskrift for kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

### Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Sjå vedlagte fråsegn frå kontrollutvalet om årsrekneskapen 2010 for Førde kommune, datert 30.03.2011.

### KONTROLLUTVALET SI FRÅSEGN TIL BYSTYRET:

- Sjå vedlagte fråsegn frå kontrollutvalet om årsrekneskapen 2010 for Førde kommune, datert 30.03.2011.

Saksutgreiing

## ÅRSREKNESKAPEN 2010 - FØRDE KOMMUNE

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

### Innleiing – Kva saka gjeld

Presentasjon og godkjenning av årsrekneskapen 2010 for Førde kommune.

### Saksopplysningar:

Sekretariatet viser til §§6, 7 og 8 i forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar av 1.7.2004. Sjå nedanfor. Desse heimlar kontrollutvalet sitt ansvar i samband med revisjon og presentasjon av rekneskapen.

Det er formannskapet som gjev innstilling/tilråding til kommunestyret. Formannskapet gjev innstilling/tilråding når revisjonsmelding føreligg og kontrollutvalet har gjeve si fråsegn.

#### § 6. Regnskapsrevisjon

*Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens årsregnskap og kommunale eller fylkeskommunale foretaks årsregnskap blir revidert på en betryggende måte, herunder holde seg løpende orientert om revisjonsarbeidet og påse at dette foregår i samsvar med de bestemmelser som følger av lov og forskrift, god kommunal revisjonsskikk og kontrollutvalgets instruks, eller avtaler med revisor.*

#### § 7. Uttalelse om årsregnskapet

*Når kontrollutvalget er blitt forelagt revisjonsberetningen fra revisor, skal utvalget avgi uttalelse om årsregnskapet før det vedtas av kommunestyret eller fylkestinget. Uttalelsen avgis til kommunestyret eller fylkestinget. Kopi av uttalelsen skal være formannskapet/kommunerådet eller fylkesutvalget/fylkesrådet i hende tidnok til at det kan tas hensyn til den før dette organet avgir innstilling om årsregnskapet til kommunestyret/fylkestinget.*

#### § 8. Oppfølging av revisjonsmerknader

*Når revisor påpeker forhold i årsregnskapet, jf. forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner § 4, skal kontrollutvalget påse at dette blir fulgt opp.*

*Det skal også rapporteres om tidligere saker som etter utvalgets mening ikke er blitt fulgt opp på en tilfredsstillende måte. Kontrollutvalget skal gi rapport til kommunestyret eller fylkestinget om hvordan kommunestyrets eller fylkestingets merknader er blitt fulgt opp.*

Etter §7, skal kontrollutvalet altså gje ei fråsegn til rekneskapen som skal stilast til bystyret. Formannskapet skal ha kopi av uttalen. Forslag til fråsegn ligg ved. Til grunn for fråsegna ligg revisjonsmeldinga, årsmeldinga og rekneskapen.

Administrasjonen v/rådmann og fagansvarleg for rekneskap er innkalla til møtet og er budde på å gje nærare orientering om innhaldet i rekneskapen.

KRYSS-revisjon er innkalla til møtet. Dei er og budde på å svara på spørsmål om innhaldet i årsrekneskapen og om revisjonen som kontrollutvalet ynskjer nærare informasjon om.

### Sekretariatet sine vurderingar:

# SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

---

Til  
Bystyret i Førde

Førde 30.03.2011

## FRÅSEGN FRÅ KONTROLLUTVALET OM ÅRSREKNESKAPEN 2010 FOR FØRDE KOMMUNE

Årsrekneskapen 2010 for Førde kommune er handsama i kontrollutvalet i Førde 30.03.2011.

Grunnlaget for handsaminga har vore:

- Den avlagte årsrekneskapen for 2010 for Førde kommune.
- Årsmeldinga frå rådmannen datert 9. mars 2011
- Revisjonsmeldinga frå KRYSS-revisjon datert 21.03.2011.

Årsrekneskapen er levert av rådmannen. Netto driftsresultat i årsrekneskapen er kr. 20,8 mill. i overskot. Etter at det er teke omsyn til interne finansieringstransaksjonar er rekneskapen gjort opp med eit mindreforbruk på kr.13,6 mill.

KS si tilråding er at netto driftsresultat bør liggje på 3% av driftsinntektene for å sikre positiv økonomisk utvikling. Netto driftsresultat utgjer 2,8%, Førde kommune har såleis ein margin som ligg tett opp under dette målet.

Det er bystyret sitt ansvar å disponere det rekneskapsmessige mindreforbruket.

Driftsbudsjett på inntektssida var kr. 702,3 mill. Rekneskapen viser inntekter på kr. 757,8 mill. Hovuddelen av avviket skuldast større overføringar med krav til motytingar enn budsjettert. I denne posten ligg bl.a. refusjonar på sjukepengar og refusjonar i samband med fråvær etter fødsel inne.

Driftsbudsjettet på kostnadssida var kr. 704 mill. Rekneskapen viser kr. 745,7 mill. Dei vesentlegaste avvika er "Lønsutgifter", Kjøp som inngår i kommunal produksjon og "Overføringar". Overskriding på løn kan til ei viss grad sjåast i samanheng med refusjonar nemnt i avsnittet ovanfor.

Brutto driftsresultatet er kr. 13,8 millionar betre enn budsjettert.

Førde kommune har hatt finansinntekter på kr. 21,7 millionar og finanskostnader inkl. avdrag er på kr. 51,7 millionar. Resultat for eksterne finanstransaksjonar viser kr. 30 mill mot budsjettert kr. 39,1 mill.

---

**Hovudkontor**  
6957 Hyllestad  
Tlf. 57 78 82 68  
Mob. tlf. 913 47 077  
e-post: [post@sekom.no](mailto:post@sekom.no)

**Regionkontor**  
Hafstadvegen 21  
Postboks 338, 6802 Førde  
Mob. tlf. 976 15 363  
e-post: [post@sekom.no](mailto:post@sekom.no)  
Faks 57 72 20 10

Org.nr. 987 631 554  
Kontonr. 3705.08.3257

# SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Det positive avviket på kr. 9,1 mill i høve til budsjett er betre avkastning på fond og aksjar enn budsjettet og lågare rentenivå enn forventa.

Kontrollutvalet merkar seg at drifta i einingane "Helse og Barn (barnevern)" har eit meirforbruk på kr. 6,0 mill og eining "Forvaltning, drift og vedlikehald" syner eit meirforbruk i høve til budsjett på 4,9 mill kroner. For områda sett under eitt er der eit meirforbruk på kr. 1,9 mill Jfr. årsmeldinga side 8.

Investeringsrekneskapen er avslutta med eit udekka beløp på kr. 7 mill. Kommentrane til investeringsrekneskapen i årsmeldinga s. 12. Rådmannen skriv at det vert lagt fram eiga sak til bystyret om tilleggsføringar der det er naudsynt.

Finansieringa av dei fleste investeringsprosjekta er hovudsakleg gjorde ved opptak av lån. I 2010 er gjeldsgrada auka frå 74% i 2009 til 75% i 2010. For rådmannen sine kommentarar om gjeld vert det vist til side 10 i årsmeldinga.

Arbeidskapitalen er god og likviditetssituasjonen synest å vere tilfredsstillande. Rådmannen vurderer arbeidskapitalen til å vere god. Jfr årsmeldinga side 16.

Kontrollutvalet viser utover dette til årsmeldinga frå administrasjonen. Denne synest å omtale rekneskapen på ein god måte.

Kontrollutvalet viser også til revisjonsmeldinga og at kontrollutvalet har merka seg presiseringa.

Kontrollutvalet meiner at rekneskapen for Førde kommune bør godkjennast slik han ligg føre.



Terje Gjertsen (sign)  
-leiar-



Terje Engvik (sign)  
-nestleiar-



Sissel Laache Viddal (sign)

Siw Landro (sign)



Per Arne Kloven (sign)



Vidar Øvrebø

**Hovudkontor**  
6957 Hyllestad  
Tlf. 57 78 82 68  
Mob. tlf. 913 47 077  
e-post: [post@sekom.no](mailto:post@sekom.no)

**Regionkontor**  
Hafstadvegen 21  
Postboks 338, 6802 Førde  
Mob. tlf. 976 15 363  
e-post: [post@sekom.no](mailto:post@sekom.no)  
Faks 57 72 20 10

Org.nr. 987 631 554  
Kontonr. 3705.08.3257

**014/11 BARNEVERNET I FØRDE - FRISTBROT OG MANGLANDE TILSYN OG  
TILTAKSPLANAR – ORIENTERING VED RÅDMANNEN**

**Sakshandsamar:** Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat

**Dato:** 24.03.2011

<b>Utval</b>	<b>Dato</b>	<b>Utv.- Saknr.</b>	<b>Status</b>	<b>Vedtaks- organ</b>
Kontrollutval	30.03.2011	014/11	-	Ja
Formannskap		-	-	
Bystyret		-	-	

**Saksvedlegg.**

- Brev frå fylkesmannen i Sogn og Fjordane til Førde kommune om fristsbrot i barnevernet og manglande tilsyn og tiltaksplanar, datert 18.03.10.
- Brev frå Førde kommune til fylkesmann i Sogn og Fjordane – Fristbrot i barnevern, Førde kommune – manglande tilsyn og tiltaksplanar.
- Brev frå fylkesmannen i Sogn og Fjordane til Førde kommune om fristsbrot i barnevernet, manglande tiltaksplanar og mangel på tilsyn, datert 21.02.11.
- Brev frå Førde kommune til fylkesmann i Sogn og Fjordane – Fristbrot i Barnevern, Førde kommune – manglande tiltaksplanar og mangel på tilsyn. Svar på brev av 21.02.2011.

**Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):**

- Barnevernlova.
- Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

**Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:**

- Saka vert lagt fram utan tilråding.

**KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:**

- Kontrollutvalet tek orientering frå rådmann vedrørande barnevernet til vitande.



Saksutgreiing

**BARNEVERNET I FØRDE - FRISTBROT OG MANGLANDE TILSYN OG  
TILTAKSPLANAR – ORIENTERING VED RÅDMANNEN**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

**Innleiing – Kva saka gjeld**

Rådmannen orienterer om status i arbeidet med å setje i verk tiltak for å rette på avvik om fristbrot og manglande tilsyn og tiltaksplanar innan barnevernet.

**Saksopplysningar:**

Fylkesmannen har 21.02.2011 i brev til Førde kommune bede Førde kommune om ei tilbakemelding innan 18.03.2011 om årsaka til den lange sakshandsamingstida i barnevernet. Fylkesmannen ber vidare kommunen gjere greie for korleis dei vil sikre at fristane vert haldne, korleis dei vil sikre at tilsyn med fosterheimane vert utførd i samsvar med lova. Det vert vist til brevet for nærare informasjon.

Årsaka til at fylkesmannen ber om dette kjem av at det i rapport 2. halvår 2010 for saksbehandlingsfristar i barnevernet etter barnevernlova § 4-2, § 4-3, jf §6-9, samt fristskjema for perioden går fram at 6-månadersfristen vart broten for fem barn. Det går også fram av rapporten at kravet om fire tilsynsbesøk ikkje er oppfylt i tolv saker. Vidare går det fram av rapporten at 38 barn i tiltak manglar tiltaksplan.

Kontrollutvalet har kalla rådmannen inn til møtet for å orientere om tilhøva som er nemnde ovanfor, og om kva som er gjort og/eller kva som vil bli gjort for å luke vekk avvika.

**Sekretariatet sine vurderingar:**

Saka vert lagt fram utan tilråding. Kontrollutvalet må i møtet ta stilling til om kontrollutvalet skal følgje opp saka vidare.

# 015/11 ORIENTERING – STATUS FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT KONTROLL AV SJØLVKOSTBEREKNINGAR PÅ VAR-SEKTOREN

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat  
Dato: 23.03.2011.

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	30.03.2011	15/11	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

## Saksvedlegg

- E-post frå KRYSS-revisjon – Statusoppdatering forvaltningsrevisjonsprosjekt "Kontroll av sjølvkostberekningar på VAR-sektoren" datert 7. mars 2011

## Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Tinging prosjekt sjølvkostberekningar på VAR-sektoren i Førde datert 20.01.2010
- Prosjektplan – "Sjølvkostberekningar på VAR sektoren Førde kommune" datert 24.02.2010
- Oppdatert prosjektplan – "Sjølvkostberekningar på VAR sektoren Førde kommune" datert 17.11.2010.
- Kontrollutvalsak 03/10 og 11/10

## Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

Kontrollutvalet tek orientering frå KRYSS-revisjon vedrørande forvaltningsrevisjonsprosjekt "Kontroll av sjølvkostberekningar på VAR-sektoren" til vitande.

## KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Kontrollutvalet tek orientering frå KRYSS-revisjon vedrørande forvaltningsrevisjonsprosjekt "Kontroll av sjølvkostberekningar på VAR-sektoren" til vitande.

## **ORIENTERING – STATUS FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT KONTROLL AV SJØLVKOSTBEREKNINGAR PÅ VAR-SEKTOREN**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

### **Innleiing – Kva saka gjeld**

KRYSS-revisjon orienterer om status i forvaltningsrevisjonsprosjekt "Kontroll av sjølvkostberekningar på VAR-sektoren"

### **Saksopplysningar:**

I kontrollutvalsak 03/10 "Forvaltningsrevisjonsprosjekt sjølvkostberekningar – VAR-sektoren - tingingsdokument den 20.01.2010, vart det vedteke å tinge prosjektet frå KRYSS-revisjon. Dette vart sendt til KRYSS-revisjon for operasjonisering same dag.

24.02.2010 mottok kontrollutvalet prosjektplan frå KRYSS-revisjon.

Kontrollutvalet har seinare motteke revidert prosjektplan den 17.11.2010 og status oppdatering på prosjektet den 7. mars 2011.

## 016/11 OPPFØLGINGSLISTE 3-2011 FØRDE

**Sakshandsamar:** Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat

**Dato:** 22.03.2011

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	03.03.2011	016/11	-	Ja
Formannskap		-	-	
Bystyre		-	-	

### Saksvedlegg.

- Oppfølgingsliste 3-2011 Førde.

### Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

### Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

Oppfølgingslist 3-2011 Førde vert teken til vitande.

### KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Oppfølgingslist 3-2011 Førde vert teken til vitande.

Saksutgreiing

### **OPPFØLGINGSLISTE 3-2011 FØRDE**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

#### **Innleiing – Kva saka gjeld**

Saksoppfølging.

#### **Saksopplysningar:**

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 20 2. ledd skal sekretariatet bl.a. sjå til at utvalet sine vedtak vert sett i verk.

Sekretariatet har også som oppgåve å følgje opp saker som vert tekne opp i kontrollutvalet. Dette kan vere saker, orienteringar og andre spørsmål som har vore handsama i kontrollutvalet, og som krev vidare handling.

Vedlagt følgjer ajourført oppfølgingsliste pr. 22. mars 2011.

Lista vil bli oppdatert fortlaupande og lagt fram for kontrollutvalet i kvart møte.

Etterkvart som saker vert avslutta, vert dei tekne ut av lista.

#### **Sekretariatet sine vurderingar:**

## Oppfølgingsliste 3-2011 - Førde.

### Status saker handsama og spørsmål tekne opp i kontrollutvalet i Førde kommune

Saker som er avslutta vil ikkje kome med på neste statusrapport.

Saker som er tekne opp	Dato	Merknad	Status
22/09 Kontrollutvalsarbeid - tiltak	10.11.09		10.11.09 Vedtak KU – Setje i verk tiltak 12.11.09 s/ brev til administrasjonen. -Informasjon frå administrasjonen. -Tertialrapportar. -Tilsynsrapportar frå fylkesmannen. -Informasjon frå revisor. -Kvalitetsrapportar frå revisor. 27.08.10 Brev til førde kommune – orientering om postrutinar og dokumethandtering. 20.10.10 Brev til Førde kommune – orientering om skatteoppkrevjarfunksjonen. 24.11.10 Orientering frå rådmann om skatteoppkrevjarfunksjonen.  Ikkje s brev til KRYSS
03/10 Forvaltningsrevisjonsprosjekt ”Sjølvkostberekningar – VAR-sektoren” – tingingsdokument.	20.01.10	Frist 31.01.2011	09.12.09 Vedtak KU om å tinge prosjektet frå KRYSS. 08.01.10 Møte Sekom/Kryss om tingingsdokumentet. 20.01.10 Vedtak KU – tinging godkjent. 20.01.10 s KRYSS for operasjonalisering. 24.02.10 Motteke prosjektplan frå KRYSS 17.11.10 Motteke revidert prosjektplan frå KRYSS.  <b>Sjå sak 011/10</b>
011/10 Forvaltningsrevisjonsprosjekt – Sjølvkostberekningar – VAR-sektoren – prosjektplan	03.03.10		03.03.10 Vedtak KU – teke til vitande. 17.11.10 Framlagt prosjektplan for KU.
E-post til Førde kommune om innsyn.	14.04.10		14.04.10 Brev til Førde kommune. 15.06.10 Purra på svar. 07.07.10 Orientering pr e-post til KU. 10.12.10: Orientering pr e-post til kontrollutvalsmedlemer.
001/11 Skriv og Melding	19.01.11		19.01.11 KU vedtak - teke til vitande
002/11 Møteplan for kontrollutvalet i Førde 2011	19.01.11		19.01.11 KU vedtak - Godkjent
03/11 Årsmelding 2010 Frå kontrollutvalet.	19.01.11		19.01.11 KU vedtak – Godkjent. 19.01.11 Årsmelding – Sendt til bystyret 17.02.11 Vedtak i BS - Godkjent
04/11 Vurdering av oppdragsansvarleg revisor si uavhengigheit.	19.01.11		19.11.11 KU vedtak – teken til vitande 19.11.11 Brev til bystyret for orientering.
05/11 Oppfølgingslist 1-2011	19.01.11		19.11.11 KU vedtak – teken til vitande.
06/11 Eventuelt	19.01.11		19.11.11 Vedtak KU – Ikkje teke opp saker..
07/11 Skriv og meldingar	08.03.11		08.03.11 Vedtak KU – teken til vitande.



## 017/11 EVENTUELT

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat  
Dato: 22.03.2011

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	30.03.2011	17/11	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Bystyret	-	-	-	Nei

### KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

Det vart ikkje teke opp saker under eventuelt.

#### Saksutgreiing

Saker som kontrollutvalet ønskjer å kommentere, stille spørsmål ved eller ta opp i dette møtet eller i eit seinare møte, kan gjerast her.